



Agnes Hoshovde Bernes
Vetåsvegen 161
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/1621 - 17/1019

Saksbehandlar:

Rolf Sandstad

rolf.sandstad@radoy.kommune.no

Dato:

06.02.2017

Referat frå møte i SUSMU Sæbø skule

Stad: Sæbø skule møterommet

Tid: 25.januar kl.17:00

Agnes Hoshovde Bernes har meldt forfall. Liv Bert Rarth møter som vara.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling.
2. Godkjenning av referat frå møte 16.11.2016.
3. Prioriterte oppgåver for SU/SMU framover med utgangspunkt i «Foreldreundersøkinga»
4. Elevane sitt skulemiljø og trivsel med utgangspunkt i resultat på «Elevundersøkinga»
5. Drøftingar rundt det generelle undervisningsmiljøet og skulekulturen. (Frå FAU)
6. Orienteringssaker
 - a. Tilsyn «Miljøretta helsevern» vert gjennomført i februar
 - b. Internkontrollårshjulet. Kva har vi gjort, og kva kjem?
7. Eventuelt andre saker.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Handsaming i møtet:

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling.
Innkallinga vart samrøystes godkjent.
2. Godkjenning av referat frå møte 16.11.2016.
Samrøystes godkjent.
3. Prioriterte oppgåver for SU/SMU framover med utgangspunkt i «Foreldreundersøkinga»
SUSMU sette i sist møte ned ei arbeidsgruppe samansett av leiar og nestleiar i SUSMU saman med rektor og ein av dei tilsette. Gruppa skulle med utgangspunkt i foreldreundersøkinga koma med prioriterte område for arbeidet i SUSMU dette året.
Gruppa, Arve Hagesæter, Solveig Elvik, Marit Hornnes og Rolf Sandstad hadde møte 19.01.
Konklusjon: Samla sett viser ikkje foreldreundersøkinga overraskande resultat. Målt mot landsgjennomsnittet ligg Sæbø skule sine resultat litt under på dei fleste av spørsmåla. Når vi samanliknar foreldresvar frå 2014 med foreldresvar i 2016 er avviket større. Når ein samanliknar med to ulike åra må ein og ha med seg at det ikkje er dei same som har svara i 2014 som i 2016, men resultatata samla sett kan tyda på at foreldregruppa i 2016 har mindre tillit til skulen enn foreldregruppa hadde i 2014.
Ut frå ei samla vurdering av resultatata gjer arbeidsgruppa framlegg om at desse to områda vert prioritert i det vidare arbeidet:
 - a. Dialog og medverknad
 - b. Informasjon frå skulen

Vedtak:

- Ut frå ei samla vurdering av resultatata gjer arbeidsgruppa framlegg om at desse to områda vert prioritert i det vidare arbeidet:
- c. Dialog og medverknad
 - d. Informasjon frå skulen

I drøftingane snakka vi om kva gjer vi for å bli betre på desse punkta. Skulen gir uttrykk for at ein gjer en god del på området, men svara på undersøkinga viser at det ikkje stemmer med foreldra si oppleving. Forklaringa kan vera at ting vert gjort utan at skulen er flink til å markedsføra det. Det kan og vera at forventningane mellom skule og heim er uavklart. Har foreldregruppa i 2017 høgare forventningar til informasjon enn for nokre år sidan. Vi må avklara forventningar heim skule, men og forventningar til elevane.

Sjølv om elevane er medverkande i arbeid med reglar og drøftingar i samband med undervisning og opplegg, kan ein sikkert bli flinkare til å bevisstgjera både elevar og tilsette på kor viktig dette er.

SUSMU ønskjer at skulen skal halda fram med god informasjon på heimesidene, og at dette vert vidareutvikla. Bruk gjerne og andre kanalar. Kort sagt: Skulen må bli flinkare å markedsføra seg.

4. Elevane sitt skulemiljø og trivsel med utgangspunkt i resultat på «Elevundersøkinga»

Her har vi samanlikna 2015 og 2016. Det er elevane i 5.-7. som er med på undersøkinga. 7. sist år er ikkje med i år, og 5. i år var ikkje med sist år. Endringar i elevgruppa kan gi vesentlege utslag.

Dei negative tendensane er tydelegare i elevundersøkinga enn i foreldreundersøkinga. Desse områda viser ei negativ utvikling samanlikna med sist skuleår:

Trivsel, motivasjon, medverknad, trygt miljø.

Desse punkta vart nemnt i samtalen:

Korleis vekka den indre motivasjonen?

Språkbruk, tidleg innsats.

Tillit til skulen.

Vi vil kvarandre vel.

Byggja gode relasjonar mellom tilsette, elevar og heimar.

5. Drøftingar rundt det generelle undervisningsmiljøet og skulekulturen. (Frå FAU)

Sitat frå refetat FAU:

Drøftingar rundt det generelle undervisningsmiljøet og skulekulturen.

Sidan FAU er samla, vert det vidare delt erfaringar frå dei ulike klassane, og drøfta kva som er status ved skulen no, og sjølv om utfordringane først og fremst er tilknytt visse klassar, så har det ringverknader for alle elevane.

FAU er bekymra for at det er fleire foreldre som nyleg har søkt borna sine overført til andre skular. Dette påverkar heile læringsmiljøet for elevane og FAU er bekymra over denne utviklinga. FAU ynskjer å rette denne bekymringa til diskusjon i neste møte i SU/SMU.

Konkret når det gjeld flytting frå skulen ser tala slik ut i perioden 2015-2017:

Flytting geografisk: Lindås, Meland, Melhus, Kvinnherad, Australia	12	
Flytting internt i Radøy etter søknad	4	
Flytting til privatskular	4	

I desse tala er ikkje med:

Elevar som aldri har gått på Sæbø skule, men starta direkte på privatskule eller annan skule i kommunen. Elevar som har valt privat skule av overtidyingsgrunnar. Elevar tilhøyrande annan skulekrins i Radøy som er elevar ved Sæbø skule.

Sak 3, 4 og 5 heng saman. Dei tre sakene tyder på ein negativ trend for skulen. Korleis snu denne?

-Skulen må driva kontinuerleg forbetningsarbeid.

-Skule og heim må framsnakka kvarande.

-Skule og heim må ha felles mål:

Elevane er stolte av å gå på Sæbø skule

Heimane er stolte av å ha born på Sæbø skule

Tilsette er stolte av å arbeida på Sæbø skule

6. Orienteringssaker

- a. Tilsyn «Miljøretta helsevern» vert gjennomført 22.februar. Tilsynet er ei nasjonal satsing med fokus på vedlikehald, inneklime og reinhald.

b. Internkontrollårshjulet. Kva har vi gjort, og kva kjem?

Gjennomgang av skjema i møtet. Gjennomgangen viser at vi er i rute både i høve den kommunale internkontrollen og skulen sin internkontroll knytt til kapittel 9A i Opplæringslova.

8. Kva er ein god vaksen? Kva er ein god medelev?

Elevrådet har utfordra alle elevane i 2.-7. Dei presenterte svara frå dei ulike klassane. Mange gode elevsvar som vil bli oppsummert og jobba med i klassane.

Møtet slutt 18:40

Arve Hagesæter
leiar

Rolf Sandstad
sekretær

Med helsing

Rolf Sandstad
Rektor Sæbø skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Andreas Olsnes Takvam	Sæbøvegen 290	5938	SÆBØVÅGEN
Eli Blomvågnes			
Gunnhild Soltveit			
Jon Askeland			
Kari Mette Ulvatn Bø			
Matilde Brakstad Dal	Slettevegen 24	5936	MANGER
Mikal Haukeland Heggernes	Vetåsvegen 117	5938	SÆBØVÅGEN
Solfrid Lunde			

Mottakarar:

Agnès Hoshovde Bernes	Vetåsvegen 161	5938	SÆBØVÅGEN
Arve Hagesæter			
Emilie Knarvik Haukeland	Vetåsvegen 77	5938	SÆBØVÅGEN

Mottakrar:

Helene Fjermestad

Kjetil Oen

Kristoffer Oen-Lunde

Liv Berit Rath

Marit Hornnes

Robert Lorang Hansen

Rolf Sandstad

Solveig Elvik

Radøyvegen 1000

5938

SÆBØVÅGEN